

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

1.

Fylke:

Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Bø

Emne:

Transport av høy

Bygdelag:

Heile heradet.

Oppskr. av:

Rolv Straume

Gard:

Bøstrand

(adresse):

Bø i Vesterålen

G.nr. 14

Br.nr. 1⁸

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Mest etter eiga røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Sjå under.





SVAR


1. På større gardar har dei hest, det har dei ikkje på dei små bruk, og difor blir det ulike måtar å få høyet fram på på dei ulike bruk. Det var vanlegare å slå i utmarka før enn no, men dei gjer det enno på nokre småbruk. Større gardar har ikkje drivi med utslätt, det eg veit. Er utslätten nær garden, ber dei høyet heim med det same, er det lang veg, tar dei det heim på vinterføret. Anten dreg dei det då på kjelke, eller dei leiger hest og høyver det.

2. Eg har høyrst gjese 3 utløer her i bygda. For 40-50 år sia hadde Kristen i Åsen ei i Polldalen. Sia har Tomas Ramberg hatt ei i Heggedalen, og Klaus Strømme hatt ei på Åsanøya. Dei er no borte. Der det er brattlendt, hadde dei høyet i snøsekkar for å få det åt lóa, elles ber dei det i bærer. Såleis gjer også dei som satar det for å ta det heim på vinterføret. - Å hesja høy var lite brukt her til for 35 år sia. No er det det vanlegaste. Dei set hesja der høyet er, så til vanleg blir det ikkje lang transport, og då ber dei det til hesja. Men så hender det dei brukar same hesja til nytt høy, då blir

det lengre transport, og då køyret dei det om dei har hest. Dei som ikkje har hest, brukar då trillebåra eller handvogna. Likeins ber dei seg åt når dei ikkje kan turke høyet der det er slege. Men er det for ufårut til å bruka hest, trillebåre eller handvogn, må dei bera det i bærer, anten i bæreband, snøresekk eller bærsvolk. Å dra høy gjer dei her berre på handvogn, eller hjelke om vinteren.

Bærebandet.

Når dei ber høy i bæreband, brukar dei eit sterkt reip, som dei legg såleis på marka  Så kjemer dei kjemer (ei) med riva og legg på bærebandet til båra er stor nok, stikk så bære endane i lykkja og riv åt. Så på ryggen med båra og til turkeplassen om det er rågras, eller til løa om det er humhøy. Vi kallar tauet „bærebandet.“ — Det går ikkje så glatt å ri båra når lykkja er av tau, og difor har dei helst ei orja på bærebandet. Denne orja er av bjørk og såleis på skap  Det er hol i bære endane på orja til å feste tauendane i. Eller dei laga ein avlang ring av avborka vidje, såleis  Der vidjeendane skjer einannan, skar dei med i veden på bære, og kring dette skjeringspunktet knytte dei så tauet på langs. Ein nordfjording her har i 40 år brukt sin eigen modell, og der har han funni på sjøl, seier han. Den er av bjørk og ser såleis ut 

Bærsvolk er gått av bruk no, men til for 20 år sia brukte dei han på garden Luvåg når dei førde høy frå utslatten i Hellfjorden. Dei laga han av bjørk såleis  Dei la

kjemer på han til dei fekk høveleg børe, så stakk dei skaffet gjennom lykkja og bar bora på ryggen. Dei bar ikkje på det viset at dei tok med eine handa i lykkja og med hi i skaffet. Børsvolken var sær høveleg når dei skulle bera muar (små påter) i båten. Dei stakk då skaffet inn under muen, bøygde det opp og inn i lykkja, så på ryggen med bora og i båten. Så sto børen i båten ferdige til å tas på land heime. Eg veit ikkje om at børsvolk har vore brukt andre stader her i bygda.

Dei brukar no helst snøresekkar når dei fører høy i båt. Snøresekkar brukar dei og når høyet blir rulla ned etter bratte skrentar. Vi kallar det snøresekk, har ikkje annat namn. Sekken blir laga av 6 kilos vanleg hampesnøre, og bjelken i maskene er 8-12 cm lang.

"Topp" er ukjend her, og "sloge" er også ukjend her til dette bruk.

Børebarndet held ein helst over hovudet. Beraren får helst hjelp til å få bora på ryggen, for då kan han ta på seg større borer. Hjelparen står anten attom og lettar på bora eller framom og dreg i tauet. Men er det ikkje folketjelp i nærleiken, svingar han bora opp på ein stein for lettare å få henne på ryggen.

"Koss arbeidet er delt?" Og nar eg slår opp i grøne lia, då berier gjenta mi tett med sia." Kar og kvinne hjelpst åt så godt dei kan, og det hender nok ikkje så sjeldan at kvinna må gjera kars verk. Også borra får gjera sitt. Dei hjelpes til med å kå (vende høy som ligg breidd på marka), raka turhøy, raka etter høydungane så ein får alt med, såga or hesja. Men gildast tykkjer

dei nok det er når dei får trækka i lasset eller vera med å ta unna i løa.

Vi brukar ikkje løypestreng til transport av høy, heller ikkje kiper. -

Flest alle tovar til brensel her, og då har dei trillebåre på kvar gard, og dei brukar same trillebåra til høyet. Sto er noko stutt i brettet til høytransport, men det hjelper ein på med å spikra på ei fjöl eller to så brettet blir lenger mot han som trillar. Og så spikrar dei 2 fjöler opp ned framme på båra, så ikkje høyet skal ransa ned på hjulet.

Så er det den vanlege høybåra, 2 stenger som smalnar noko av mot endane, med eller utan snorer mellom stengene. Ein legg stengene på marka og lesser på, eller ein sting stengene under ei såte på marka, men då må det ikkje vera snorer mellom stengene. Før var det dei som hadde tverrbretter mellom stengene, det er det no stutt med, likeins med snorer.

Å vera høy på handbåra er ikkje barnearbeid; skal ein ha barn til hjelp, må ein legge lite på. Men det er nok ofte så at kvinna her må vera kar.

Ein reidskap med 4 langsgående prestavar er ikkje kjend her.

Handvogna.

I handvogna fekk småbrukaren ein kring reidskap til høytransport. Den fyrste handvogna vi kjenner her, var den som kjøpm. W. M. Løckert, Narsund hadde til melketransport frå sømmerfjøset på Sponesmyra. Men i 1903 skaffa Otto Liehang, Skive seg den første handvogna her til høytransport. Den første handvogna i Røstrand krins var den som kjøpm.

Hagen Johnson, Snarset skaffa seg i 1908. Same året fekk Peter Hagen handvogn, og så vart det snart fleire og fleire, og no er det vanleg at småbrukarane har handvogn. Til høyrtransport brukar dei grind på handvogna.

3. Er nemnd under 1.

4. Når det gjeld høyrtransport med hest, kan ein her skilja mellom 4 utviklingsstiv, nemleg:

- 1. Slede, 2. kjerre med brett, 3. langvogn med 2 hjul, 4. firehjula vogn.

Høyrsleden.

Det eldste var at dei køyrde høyet på slede om sommaren, og det har dei vel gjort frå eldgamomal tid. På gardar som er særleg bakkus og uført, har dei brukt sleden til for 15-20 år sia, men no er den gått heilt av bruk. Martinus Robertsen, Steinsvik brukte sleden til 1900, Johan Martin Johansen, Løkkøy til 1908, Anton Kristensen, Pollås til 1928 og Paul Vilhelmsen, Hesthagen endå til 1936. Men dette er einskildtilfeller, sleden var jamnt over gått av bruk her kring 1885.

Dei brukte ein vanleg langslode med stallbard, kring 2,30 m.l. og kring 0,90 m. br., og sleden var utan skoring. Dei passa nøye på at det var kvistrein bjørk i meiane, og at medveden gjekk attover, elles ville meiane flisa seg. Det hende og at dei spikra eikstavar under meiane. Dei gjorde meiane breie, opp til 3 tommar, så dei ikkje skulle søkke for mykje nedi på blautt leude. For bruken smurde dei meiane inn med tran. Dei brukte berre ein hest for høyrsleden om sommaren. Det var ingen reglar for kvar ein fekk køyra

6
med meiar, heller ikkje reglar for kvar ein fekk køyra med hjul. - Til vinterbruk hadde dei skoning - drag - under meiane. -

Dei lesste kjemmer på sleden, 2 i lengda, og dei lesste så høgt dei nådde, og så surra dei lasset med tonga. Tonga gjorde dei fyrst fast framme med eit hampetau. Det gjekk frå eine meien opp i tonga og så til andre meien, og høgda frå sleden og opp til tonga var kring 1.50 m. Midt på tvertreet atte på tonga var ein tapp, og reipet atte gjekk frå sleden og kring denne tappen såleis at det bandt seg sjøl, dei slapp gjera krute. Dette kalla dei å reipe lasset, og tauet kalla dei reipet. "Gjörrel" og å "gjura" er ord som nok ein gong har vore brukt her når det galdt reipa lass, men no er dei ikkje i bruk. Ordet "gjörrel" brukar vi no berre om eit tau ein legg kring eit trekjerald der stavane sprikjer.

Tonga var laga av 2 stavar med tvertre på bae endane, og ho var kring eit kvart stuttare enn sleden. Dei tok vel vare på tonga, for når det lei fram mot jula, brukte dei tonga til å leggja teinane på når dei støypte lys. - Det var og dei som berre brukte ein stokk i staden for høytong.

"Skrinder" og "krökler" er ukjende ting her.

Dei sette fast 2 runde, krökutte björke-stavar atte på sleden. Dei var vel 7-8 cm i tverrmål og kring 1 m lange, hynnningar dei kalla, og slira bandt hynnningar saman oppe. Men også når dei hadde hynnningar, måtte dei ha høytong, for lasset var høgare enn hynnningane. Tonga vart då reipa fast i slira.

Kjerra (bikkvogna).

Den fyrste vogna som vart brukt til høykøyring, var kjerra. Dei tok kassen av og la eit Brett i staden, så lesste dei på dette brettet. I lang tid var vel desse vognene utan skoning og utan annat beslag. Enda til kring 1840 hadde Simen i Hesthagen bikkvogna utan skoning, men den vogna var nok den siste av det slaget her i bygda. Men heilt fram til 1880 var det ikkje vanlegt å ha jamkrokar under vognkassen til å bikka med. Ein rund stokk på tvers under kassen gjekk i runde groper i stokkar på langs mellom hjula, og kassen var så framtung at dei hadde ikkje noko feste for han framme. Fjola bak sette dei ned mellom oppstående klossar på kassen. — Dei brukte ikkje grind på denne vogna.

Trønderen Sivert Olsen, Lundhaug var den fyrste som skodde hest her i bygda kring 1860, og då sa folk at han skulle vore straffa avdi han spikra i hestehovane.

Langvogna.

Etter kvart skaffa dei seg langvogner til høykøyring, fyrst på dei større gardane som Vinje, Skine og Bø prestegard, og så på dei mindre gardane der dei hadde hest. Fra 1880-1885 blir då langvogna den vanlege køyredoming for høy. Edvard Olsen, Inarset gjekk beinast over frå slede til langvogn i 1877, og året etter fekk Johan Kristoffersen, Ramberg langvogn. Anfin Clausen, Lundhaug gjekk binnvegs frå slede til langvogn kring 1880, og då fekk også Edlaus Johannessen, Stole og Robert Markensen, Straume langvogn. Langvogna er no 2,60 m. l. og 1,20 m. br., kanskje var ho noko mindre den fyrste tida.

I fyrstninga brukte dei ikkje grind på langvogna. Dei la tjemmer på til dei fekk lass og surra lasset med tonga, soleis som dei var vande med sleden. Men etter kvart tok alle til å bruka grind, og grinda er laga av 4 delar, ein del for kvar side, og så bind dei sidene saman oppe og nede i kvart hjørne med hampe-tau eller snøre. Tuersidene framme og bak blir også bundi fast i vogna, men ikkje langsiden, for dei skal ein lettvint få frå når lasset skal av.

Farfar min var smed, og han laga vanlege jarnkrokar til å festa sidene oppe med, og dei var bra nok, men ville gjerne springe opp når ein køyrde tomvogna over tuver. Det har ikkje slått igjennom. - Far min meinte ein fekk større lass når spildrane på grinda sto opp ned, for da fekk ein trækka så greit ned med kvar spildra, og nokre laga grindene såleis ei tid, men no er grindene såleis laga at fjøtene ligg vassbeint. Grinda er så høg som lasset skal vera, så det er ikkje bruk for hoytang. - Denne måten å køyra høg på er enno den vanlege her. - Eit slikt lass tar 4 bærer høg. Dei reknar bærer til 75 kg, lasset veg då 300 kg.

Firehjula vogn.

Det neste steget er å bruka firehjula vogn, men det har dei enno berre på nokre av dei større gardane her, og dei er kome i seinare tid, i dei siste 10-15 år. Nokre brukar høg grind også på denne vogna og treng då ikkje stukk, men nokre få har låg grind slik dei brukar sørpå, og dei må då reipa lasset med stukk.

9

Grinda heiter også på denne vogna berre høvgrind, vi har ikkje annat namn.

Darrisvogn - vi kjenner namnet, men det blir ikkje brukt her.

Her brukar dei ikkje namnet slede om høvogna. Då dei fekk langvogna, kan ein seia dei hadde ho særleg til høv- og kornkøyring, og difor kallar dei ofte langvogna for høvogna.

Det var ingen reglar for storleiken på siste lasset, og dei raka nok alt velt opp. Men den tma hadde somme før i tida at dei fekk mange saulam når ei kvinne var inn det fyrste høyet i løa, og difor stansa dei hesten når dei kom med fyrste lasset til løa og let ei gjente eller kona bera inn ein vondull høv før dei kørde inn lasset.

Det var ingen skilnad på hovolda til borebandet og gyrdatnet. Og ikkje noko visst forhold mellom stakken og lasset, eller mellom sommarlass og vinterlass.

5. Fellesslåt kan det bli tale om når gran- nar eig ein holme eller ei øy saman. Eig 2 gran- nar ein holme ilag, gjer dei det på den måten at dei slår holmen kvart sitt år. Gjeld det ei øy, er øya delt med skjel. Det hender at ein gardbrukar let folk få slå på halvt som det heiter. Då blir gjerne høyet delt i lass, men det hender og at dei byfer det i kjemer.

Om transport av høv frå utslatter er nemnd under 1. Har nokon utslatt nær kvarandre, så er det ikkje vanlegt at dei kører samstundes. Dei passar på å kørja når myrar og vatn ber, og det er lite snø.

Det blir aldri tale om å brøyta veg for denne køyringa her.

6. Eit ungt ektepar ^{på Ramberg} hadde 2 lass høy ståande i ei såke i Heggedalen og skulle tra det heim på vinterfåret. Dei fekk ein granne til å køyra det i jannar, og ungtkona var med. Då det er nokså lang veg og stutt dagslys her i jannar, køyrde dei berre eit lass kvar dag.

Heimelsmenn:

1. Ekr. Hans Jensen, Inarset 85 år gl.
2. Imbr. Karl Reiertsen, Lokkøy 46 - -
3. Ekr. Eliot Sivertsen, Lundhang 74 - -
4. -- Klaus Stromme, Skinesjøen 72 - -
5. -- Paul Martinussen, Skinsvik 83 - -
6. -- Villads Sivertsen, Skine 57 - -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

77